

**Fra:** Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@bsj.uib.no)

**Sendt:** 06.05.2014 15:00:30

**Til:** Solveig Lohne Rongved

**Kopi:**

**Emne:** RE: Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - kunngjering av forslag til planprogram og melding om oppstart av planarbeid

**Vedlegg:**

## **Vedr. Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - kunngjering av forslag til planprogram og melding om oppstart av planarbeid**

Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 05.05. 2014.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føreseigna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røre sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekommstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Me kjenner til at det har vore ein del aktivitet omkring Ålandsvatnet i eldre tid. Det har blant anna vore tømmerfløting ned elva og ei sag på 1700-talet. Det kan derfor finnast spor i vatnet som for eksempel ei eldre oppdemming eller andre konstruksjonar. I ferskvann er det svært gode bevaringsforhold. Det vil derfor truleg bli stilt krav om marinarkeologiske undersøkingar i forbindelse med ein meir konkret reguleringsplan i området.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Stord kommune om føljande:

- **å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.**
- **å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkeltiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.**

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland

Saksbehandlar/Marinarkeolog

55 54 96 04

[marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)

[www.facebook.com/Sjofartsmuseum](http://www.facebook.com/Sjofartsmuseum)

---

**From:** Solveig Lohne Rongved [mailto:[Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no](mailto:Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no)]

**Sent:** Monday, May 05, 2014 5:08 PM

**To:** Bergens sjøfartsmuseum

**Subject:** Kommunedelplan for E39 Heiane - Åland/Nordre Tveita - kunngjering av forslag til planprogram og melding om oppstart av planarbeid

Hei

Vedlagt sak omfattar areal i vatn. Beklager at denne kjem seint. Flott om de kan svara så snøgt som råd.

Mvh

Solveig Lohne Rongved  
rådgjevar/arkeolog  
Hordaland fylkeskommune